



Tollvesenet



Årsmelding 2005



DETTE ER TOLLVESENET

Tollvesenet er ein etat under Finansdepartementet. Etaten er organisert i eit sentralt direktorat og ei lokalforvaltning med seks tollregionar. Det er toll- og avgiftsdirektør Marit Wiig som leier Tollvesenet.

Til saman er det 1812 tilsette i Tollvesenet.

Visjonen til Tollvesenet

Enklare å følgje reglane – vanskelegare for dei som bryt dei

Hovudmåla til Tollvesenet

- Hindre ulovleg inn- og utførsel av varer
- Sørge for rett deklarerering og fastsetjing og rettidig innbetaling av toll og avgifter

Strategien til Tollvesenet

Strategiplanen til Tollvesenet for perioden 2005–2008 består av desse punkta:

1. Leggje til rette for effektiv vareførsel og enkel grensepassering
2. Sørge for forenkla innkrevjinga for brukarane og oss
3. Sørge for god og tilgjengeleg informasjon
4. Auke innsatsen mot økonomiske unndragingar
5. Beskytte samfunnet
6. Sørge for betre underretning og risikoanalyse
7. Sørge for at Tollvesenet er ein attraktiv arbeidsplass
8. Styrkje internstyringa og -kontrollen

INNHALD

Leiar	3
Organisasjonen	4
Viktige saker i 2005	6
Rett deklarerering og fastsetjing av toll og avgifter	8
Rettidig innbetaling av toll og avgifter	10
Hindre ulovleg inn- og utførsel av varer	12
Yte god service til brukarane	16
Administrative forhold	18
Rekneskap	20
Statistikk	21

EIT TOLLVESEN I UTVIKLING

Ved inngangen til 2005 gjekk Tollvesenet inn i ein ny strategi-periode. Den nye strategien markerer ikkje noko brot med korleis Tollvesenet har jobba tidlegare. Men han tek opp i seg element frå den røynda norsk tollvesen er ein del av i dag.

Samfunnet rundt oss endrar seg raskt. Vi nordmenn reiser meir i dag enn vi gjorde før, og gjerne utanlands. Samtidig ser vi at vareførselen over grensene aukar. Det fører til at oppgåvene til Tollvesenet aukar i volum, samtidig som budsjetta blir strammare. For å komme denne utviklinga i møte må vi i Tollvesenet jobbe smartare og utnytte ressursane våre best mogleg. Derfor har vi valt visjonen ”Enklare å følgje reglane – vanskelegare for dei som bryt dei”.

Bakgrunnen for visjonen er at Tollvesenet forvaltar eit omfattande regelverk og møter ulike typar brukarar. Over 40 000 bedrifter har med Tollvesenet å gjere i verksemda si på grunn av vareførsel, avgiftsrapportering eller andre aktivitetar. I 2005 sende vi ut over 2,9 millionar krav om årsavgift. Tollvesenet er ein stor avgiftsinnkrevjar og kravde i året som gjekk, inn 154,2 milliardar kroner til statskassa.

Dei fleste brukarane er eller ønskjer å vere lovlidige, og oppgåva vår blir å gjere det så enkelt som mogleg for brukarane å få til nettopp det. I 2005 har Tollvesenet lansert nye nettsider og oppretta regionale informasjonssenter for å kunne tilby best mogleg og oppdatert informasjon. Samtidig jobbar vi med å få på plass nye og moderne betalingsløysingar som skal gjere det enklast mogleg for dei avgiftspliktige å gjere opp for seg.

Ved at den legale verksemda blir forstyrra så lite som råd er, kan både brukarane og Tollvesenet få redusert kostnadene sine. Samtidig kan ressursane setjast inn på målretta kontroll overfor brukarar som ikkje er i stand til å tilfredsstillе kvalitetskrava til Tollvesenet, eller som handlar ulovleg gjennom bevisste unndragingar eller kriminelle handlingar. I strategiplanen har vi utforma åtte strategiar som skal bidra til at vi lettare kan verkeleggjere visjonen vår.

Som eit døme på at trafikken aukar, vil eg peike på Svinesund. Då Svinesundbrua opna første gong i 1946, var trafikken på 10 000 bilar i året. I dag er trafikken på godt og vel det same i døgnet. I sommar opna den nye Svinesundbrua, med ny veg med større fart og større kapasitet. Samtidig er den gamle brua stadig i bruk. Det er med andre ord ingen grunn til å tru at det blir mindre trafikk over Svinesund med åra.

I samband med den nye brua blei det òg opna ein ny tollstasjon på Svinesund. Dei nye lokala er moderne og velutstyrte, med god plass til å drive kontroll. Eit fantastisk anlegg som er samlokalisert med Politiet og Statens vegvesen. Men vi ser at den nye brua òg byr på nye utfordringar for Tollvesenet. No skal det

drivast kontroll ved ein firefeltsveg der bilane suser forbi i 90 kilometer i timen, og der tollstasjonen ligg 300 meter unna vegen. Samtidig skal det haldast oppe eit visst kontrollnivå ved den gamle brua.

Eg er ikkje i tvil om at Tollvesenet kjem til å takle dei nye utfordringane, men då må vi bli endå meir målretta og endå meir treffsikre i kontrollen vi utfører. Det same gjeld vareførselen. I 2005 registrerte Tollvesenet over 300 000 fleire inn- og utførselsdeklarasjonar enn året før. Straumen av varer over grensene blir berre større og større.

Det å drive målretta kontroll vil seie at Tollvesenet må bli endå flinkare til å analysere trafikkbiletet og vareflyten. Kva skal vi sjå etter? Kven skal vi sjå etter? I 2005 har vi oppretta ein eigen analyseseksjon i Toll- og avgiftsdirektoratet. Målet er å få til ei kompetanseining innanfor analyse som skal vere ein del av planleggingsgrunnlaget, og som skal gi tenestemennene betre høve til å plukke ut dei rette kontrollobjekta. Ved å auke kunnskapen skal Tollvesenet bli ein endå betre kontrollat.

I 2005 har kontrollane til Tollvesenet ført til ein markant auke i beslaga av øl og vin. Det store kokainbeslaget i Mosjøen i november gjorde utslag i beslagstatistikken. Elles har narkotikabeslaga vore meir på det jamne dei siste åra. Også dei økonomiske kontrollane til Tollvesenet har gitt god utteljing. Det fortel meg at tenestemennene i Tollvesenet gjennomfører mykje godt kontrollarbeid. Men vi kan sjølv sagt bli endå betre.

I 2005 har Tollvesenet òg fått bryne seg på rolla som samfunnsstøtte. I oktober blei fugleinfluenta oppdaga i Europa, og Mattilsynet bad Tollvesenet om å skjerpe akksemda på grensa for visse varetypar.

Internasjonale hendingar har dei siste åra ført til auka merksemd i forhold til truslar som har med samfunnsstryggleik å gjere. Slike truslar kan dreie seg om narkotika, terror og ulike former for organisert kriminalitet, og miljøfarar, matvaretryggleik, sjukdommar og dyrehelse. Ved å vere til stades på grensa og kontrollere vareførselen har Tollvesenet ein førstelinjeposisjon med tanke på den risikoen som straumen av varer, transportmiddel og personar representerer. Denne rolla tek Tollvesenet på alvor.

Marit Wiig
toll- og avgiftsdirektør




TOLL- OG AVGIFTS DIREKTORATET



Leiinga i Toll- og avgiftsdirektoratet:
Bak f.v.: Henrik E. Lyng, Esben Wølner og Øystein Haraldsen.
Framme f.v.: Hege Turnes, Marit Wiig, Alice Jakobsen og Toril Hagen.

ORGANISASJONEN



TOLLREGIONANE



Tollregion Nord-Noreg

Regiondirektør: Atle Joakimsen

Fylke: Troms og Finnmark

Regiontollstad: Tromsø

Andre einingar: Harstad, Hammerfest, Kirkenes, Helligskogen, Polmak og Vadsø

Tilsette: 87



Tollregion Midt-Noreg

Regiondirektør: Nils Kristian Moe

Fylke: Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag og Nordland

Regiontollstad: Trondheim

Andre einingar: Steinkjer, Mo i Rana, Vauldalen,

Junkerdalen, Bodø og Narvik/Bjørnfjell

Tilsette: 147



Tollregion Vest-Noreg

Regiondirektør: Ivar Sletten

Fylke: Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane

og Møre og Romsdal

Regiontollstad: Bergen

Andre einingar: Egersund, Stavanger,

Haugesund, Måløy og Ålesund

Tilsette: 199



Tollregion Aust-Noreg

Regiondirektør: Per Olav Johansen

Fylke: Østfold, Hedmark og Oppland

Regiontollstad: Fredrikstad/Svinesund

Andre einingar: Kongsvinger, Hamar, Ørje, Åsnes og Østby

Tilsette: 301



Tollregion Oslo og Akershus

Regiondirektør: Odd Arne Kristiansen

Fylke: Oslo og Akershus

Regiontollstad: Oslo

Einingar: Gardermoen og i Oslo

Tilsette: 575



Tollregion Sør-Noreg

Regiondirektør: Thorleif Andreassen

Fylke: Vest-Agder, Aust-Agder, Telemark, Vestfold og Buskerud

Regiontollstad: Kristiansand

Andre einingar: Drammen, Skien og Sandefjord

Tilsette: 220





VIKTIGE SAKER I 2005

Det største kokainbeslaget i noregshistoria

I november beslagla Tollvesenet 153 kilo kokain under kontroll av skipet "Crusader" i Mosjøen. Det er det største kokainbeslaget i Noreg nokon gong. Skipet kom til Mosjøen frå Surinam i Sør-Amerika. Dette er ei interessant reiserute med tanke på smugling av narkotika, og da spesielt kokain. Det er tidlegare gjort ei rekkje beslag av større mengder kokain i Europa på fartøy frå Sør-Amerika. Det største tollbeslaget av kokain var tidlegare på 6,4 kilo og vart teke på Svinesund i juli 2004.

Avgiftsinnkrevjinga

I 2005 tok Tollvesenet inn over 154 milliardar kroner til statskassa. Inntektene fordeler seg med 81,3 milliardar kroner i meirverdiavgift ved innførsel, 41,1 milliardar kroner i motorvognavgifter, 30,1 milliardar kroner i særavgifter og 1,6 milliardar kroner i toll.

(tal i millionar kroner)	2005	2004
Totale inntekter frå toll og avgifter	154 201	140 671
Toll	1 608	1 592
Meirverdiavgift ved innførsel	81 344	71 969
Motorvognavgifter	41 134	38 861
Særavgifter	30 115	28 249

Øl- og vinbeslaga nådde nye høgder

I 2005 blei det beslaglagt meir øl og vin enn nokon gong før. 235 500 liter øl og 69 300 liter vin blei resultatet av grensekontrollane. Dei fleste store øl- og vinbeslaga er gjorde i Østfold og Hedmark, på grensa mot Sverige. Det er ikkje uvanleg at Tollvesenet avdekkjer fleire tusen liter øl og vin i den same lasten. Tollvesenet har styrkt grensekontrollen som følge av at etaten er omorganisert. Det er etablert større mobile kontrollgrupper på fleire stader.

Nytt statleg kontrollområde opna på Svinesund

I juni opna Nordens mest moderne grensekontrollområde på Svinesund. Kostnaden for kontrollområdet blei 260 millionar kroner – 60 millionar kroner under kalkylane.

Det er lagt godt til rette for at Tollvesenet skal kunne kontrollere gods, dokument og personar. Tollvesenet har nærmare 100 tenestemenn stasjonerte på nye Svinesund for trafikkekspe-dering og ulike kontrolloppgåver. Tenestemennene disponerer tre store kontrollhallar i tillegg til ein spesialbygd hall for kontroll med skannar.

På det same området gjennomfører Statens vegvesen kontrollane sine, og det er òg sett av lokale til politiet.

Vestfoldtollarane under eitt tak

I september blei dei nye lokala for tollarane i Vestfold innvigde. 61 medarbeidarar, som tidlegare gjorde teneste i Larvik, Sandefjord og Tønsberg, er samla i eitt nytt bygg ved Sandefjord lufthamn, Torp.


Med nybygget og samlokaliseringa i Vestfold står Tollvesenet betre rusta til å utføre dei mange oppgåvene i fylket.

Tollvesenet styrer valutaregisteret

Tollvesenet har teke over ansvaret for og utvikla eit nytt og betre valutaregister. 1. januar 2005 blei registeret teke i bruk som det nye systemet for å registrere pengeoverføringar mellom Noreg og utlandet. 160 bankar og finansinstitusjonar rapporterer elektronisk til valutaregisteret. Årleg får valutaregisteret melding om 25 millionar transaksjonar, noko som svarer til nærmare 100 000 transaksjonar dagleg.

Valutaregisteret blei oppretta med ei klar målsetjing om å førebyggje og kjempe mot økonomisk kriminalitet, og å bidra til rett innbetaling av skattar og avgifter.

Valutaregisteret er på bakgrunn av funksjonaliteten sin nærmast unikt på verdsbasis, og har fått stor merksemd internasjonalt.



God service til brukarane

I november lanserte Tollvesenet nye Internett- og intranettsider. Den nye nettløysinga gjer det lettare både for eksterne og interne brukarar å finne fram til aktuelle tema og nyheiter. Tollvesenet skal sørge for brukarvennelege og moderne informasjons- og kommunikasjonsløysingar, slik at informasjon om reglar og prosedyrar er lett tilgjengeleg og tilpassa behovet til ulike brukargrupper. Innan utgangen av 2005 var det på plass informasjonssenter i dei seks tollregionane, og det blei etablert eitt felles telefonnummer til desse sentra – 0 30 12.

Tollarar på kystvaktskip

I oktober gjekk to tollarar om bord på kystvaktskipet "Kongsøy". Tollregion Nord-Noreg har inngått avtale med Kystvaktskvadron Nord, slik at det blir utplassert tollarar fast på indre kystvakt-fartøy i tollregionen. Utplasseringa er eit ledd i arbeidet med å auke tollkontrollen i nord.

Fleire svindlar med toll og avgifter

I 2005 gjennomførte Tollvesenet 1076 rekneskapskontrollar, og etaten sende krav til firma om innbetaling av 325 millionar kroner til statskassa. Tollvesenet avslører stadig fleire som prøver å svindle med toll og avgifter, og i 2005 var det 112 alvorlege lovbrøt. Desse er vurderte som lovbrøt som er gjorde med grov akthøyse eller forsett. 39 av tilfella blei melde til politiet.

I 2005 fokuserte tollrevisorane på generell eksportkontroll, kontroll med blomstrar, frukt og grønsaker og kontroll med kunst og antikvitatar. I regjeringa sin handlingsplan mot økonomisk kriminalitet står det klart at Tollvesenet skal auke innsatsen innanfor eksportområdet for å avdekkje fiktiv utførsel, urettmessig refusjon av meirverdiavgift og svart omsetnad.

Fleire kan importere teknisk sprit

I juli blei det opna for fleire avgiftspliktige importørar av teknisk sprit. Tidlegare hadde Arcus einerett på import, produksjon og delvis òg sal av teknisk sprit. Firma som ønskjer å importere teknisk sprit må registrere seg som avgiftspliktige hos Tollvesenet. Det blei òg innført éin avgiftssats for teknisk sprit, mens det tidlegare var fire satsar.

Seks nye år for Marit Wiig

I oktober 2005 blei toll- og avgiftsdirektør Marit Wiig tilsett for seks nye år. Tilsetjinga blei gjord i statsråd. Marit Wiig har leidd Tollvesenet sidan 1. januar 2000, og den første åremålsperioden gjekk ut ved utgangen av 2005.

Elektroniske løysingar for næringslivet

Det elektroniske fortollingssystemet til Tollvesenet, TVINN, starta opp i 1988. TVINN er fortollingssystemet for næringslivet. Det skal no utarbeidast ein ny versjon av TVINN, med ny funksjonalitet. Arbeidet er omfattande og kjem til å vare i fleire år. Bedrifter som fortollar elektronisk, må ikkje endre IT-systema sine som følgje av konverteringa.

I desember blei det opna for elektroniske etterlysingar gjennom det elektroniske transitteringssystemet til Tollvesenet, TET. Det blei òg innført eit garantisystem i TET i 2005. Næringslivet får raskare frigitt garantien som er knytt til varesendinga, og garantien kan takast i bruk for eit nytt vareparti. Noreg er ein stor brukar av det internasjonale transitteringssystemet.



RETT DEKLARERING OG FASTSETJING AV TOLL OG AVGIFTER

Rett deklarerering og fastsetjing av toll og avgifter er ei av dei viktigaste arbeidsoppgåvene til Tollvesenet. Den som importerer eller eksporterer ei vare, må levere ein deklarasjon til Tollvesenet. Dei som er særavgiftspliktige, leverer avgiftsoppgåver. Både Tollvesenet og dei avgiftspliktige er tente med at beløpet som skal betalast, blir rett fastsett første gongen. Derfor legg etaten store ressursar i å informere og rettleie dei som deklarerer og betaler toll og avgifter.

Ein deklarasjon er ei beskriving av varene som ein importør eller eksportør legg fram for Tollvesenet. Deklarasjonen blir ofte send Tollvesenet gjennom ein representant for importøren/-eksportøren. Tollvesenet kontrollerer opplysningane i deklarasjonen og fastset det rette grunnlaget for toll og avgifter. Etter at deklarasjonen er godkjend, blir varene stilt til fritt rådvelde for vareeigaren.

Det er gjennomført systematiske informasjons- og opplærings-tiltak hos deklaratantane dei siste åra. Tiltaka blir følgde opp med analysar og etterfølgjande kontrollar. Erfaringane viser at tiltaka må følgjast opp for at kvaliteten skal bli betre over tid.

Kontroll ved import og eksport av varer

I 2005 fekk Tollvesenet tilsendt 5,3 millionar inn- og utførselsdeklarasjonar. Det blei innlevert 300 000 fleire deklarasjonar i 2005 enn året før. Deklarasjonane blir behandla elektronisk i fortollingssystemet TVINN (Tollvesenets Informasjonssystem med Næringslivet). Deklarasjonane blir òg kontrollerte i dette systemet. Kontrollen med deklarasjonane er det viktigaste verkemidlet for å sikre rett innbetaling av toll og avgifter. Det var fleire dokumentkontrollar i 2005. Og det er langt fleire kontrollar der tollarane fysisk undersøker varene.

Deklarasjonskontrollane i TVINN førte til at deklarasjonane blei retta med 233,4 millionar kroner til fordel for statskassa og med 814,3 millionar kroner til fordel for næringslivet. Tollvesenet har dei to siste åra arbeidd med å effektivisere og målrette kontrollen i TVINN, og dette arbeidet held fram i 2006.

Fastsetjing	2005	2004
Innførselsdeklarasjonar i TVINN	4 180 130	3 908 327
Utførselsdeklarasjonar i TVINN	1 197 814	1 161 587
Inn- og utførselsdeklarasjonar totalt	5 377 944	5 069 914

Særavgiftskontrollar

Dei registrerte særavgiftspliktige er viste større merksemd i 2005 ved at Tollvesenet har intensivert kontrollen. Tollvesenet fekk tilsendt i overkant av 6000 særavgiftsoppgåver i 2005. Kontrollane med særavgiftsoppgåvene resulterte i at det blei retta opp feil for 4,5 millionar kroner i statens favør og 5,8 millionar kroner i favør av næringslivet.

Tollvesenet rettleier nye registrerte særavgiftspliktige i form av skriftleg informasjon eller ved firmabesøk. Tollvesenet ser òg spesielt etter avgiftspliktige som gjentekne gonger gjer feil i særavgiftsoppgåvene sine. I 2005 fekk 125 registrerte særavgiftspliktige tilpassa informasjon frå Tollvesenet. Erfaringane er at kvaliteten blir betre hos dei som har fått informasjon.

Kontrollar

Tollvesenet gjennomfører økonomiske kontrollar i firma som importerer og eksporterer varer, eller som betaler særavgifter. I 2005 førte kontrollane til at tollregionane etterberekna firma for 325 millionar kroner. Av dette beløpet utgjer toll og særavgifter 227 millionar kroner.

Økonomiske kontrollar	2005	2004
Antall økonomiske kontrollar	1 076	1 211
Etterberekna beløp – i millionar kroner	325	357
Av dette toll og særavgifter – i millionar kroner	227	146
Alvorlege lovbrøt	112	67



Fleire alvorlege lovbrøt

Tollvesenet lykkast betre i å avdekkje økonomisk kriminalitet. Det er avdekt nesten dobbelt så mange alvorlege lovbrøt som i 2004. Dette er forhold som er vurderte som grovt akklause eller gjorde med forsett. I 2005 avslørte Tollvesenet 112 alvorlege lovbrøt i samband med kontrollane. 39 av forholda er melde til politiet. Ein tredjedel av dei alvorlege lovbrøta er knytte til import av bilar og båtar. Dei er anten ikkje fortolla, eller det har blitt svindla med verdien for å underslå avgifter.

Temakontrollar

Tollvesenet har målretta innsats innanfor utvalde bransjar. I 2005 gjeld det mellom anna blomstrar, frukt og grønsaker, og kulturminne. Det er gjennomført 22 kontrollar innanfor temaa blomstrar, frukt og grønsaker i løpet av året. Lovbrøta som er avdekt er i hovudsak knytte til feil tollverdi på, og klassifisering av, blomstrar. I 2005 er det gjennomført 13 kontrollar innanfor temaet kulturminne. Desse temakontrollane held fram i 2006.

Eksportkontrollar

Tollvesenet satsar på kontrollar innanfor eksportområdet for å avdekkje fiktiv utførsel, urettmessig refusjon av meirverdiavgift og svart omsetnad. Denne satsinga er i tråd med regjeringa sin handlingsplan mot økonomisk kriminalitet, og eksportkontrollar er òg viktige med tanke på Noregs omdømme som eksportnasjon.

I 2005 er det gjennomført 56 eksportkontrollar, og dei har avdekt ni alvorlege lovbrøt. Dei alvorlege lovbrøta er mellom anna knytte til manglande deklarerering og urette krav om avgiftsfritak for varer til fartøy. Eksportkontrollaksjonen held fram i 2006.

Alle eksportørar av kvitfisk og reker er over ein periode på fire år kontrollerte av Tollvesenet. Tollvesenet kontrollerer om fisken kan eksporterast som norsk fisk. Norsk fisk har tollfridom eller redusert toll ved import til EU, mens det skal betalast toll til EU dersom fisken har russisk opphav. Aksjonen starta opp hausten 2000 og blei endeleg avslutta våren 2005. Om lag 200

eksportørar er kontrollerte og nesten 4600 opphavsbevis er underkjende. Tollvesenet har meldt tre firma og mistenkjer at det er underslått millionbeløp ved at det ikkje er betalt toll.

Valutakontrollar

Nær 12 millionar kroner blei beslaglagde ved kontrollar med innførsel og utførsel av valuta. Både beslaglagt beløp og talet på beslag er omtrent på same nivået som i 2004. Dei fleste beslaga blir gjorde på flyplassar, men også på grenseovergangar på veg og ved ferjeanløp frå utlandet blir det beslaglagt valuta som ikkje er deklartert for Tollvesenet. Alle kontantbeløp over 25 000 kroner skal deklarerast.

Valutaregisteret

Valutaregisteret blei teke i bruk 1. januar 2005 og registrerer pengeoverføringar mellom Noreg og utlandet. 160 verksemdar er rapporteringspliktige til registeret som dagleg registrerer nærmare 100 000 transaksjonar. Registeret blir brukt aktivt av kontrollmyndigheitene i kampen mot økonomisk kriminalitet. Valutaregisteret er òg eit tiltak i kampen mot kvitvasking av utbytte. Tollvesenet har dette første driftsåret særleg hatt nytte av valutaregisteret i kontrollsaker som har med tollverdi å gjere.

Samarbeid

Samarbeidet med Skatteetaten, Politiet/Økokrim, Fiskeridirektoratet, Kystvakta og andre offentlege styresmakter fungerer svært godt. Det er samarbeidsmøte på fylkes- og regionnivå og med dei lokale politikammera med jamne mellomrom. Tollvesenet samarbeider med helsestyresmaktene, politiet og skattestyresmaktene i aksjonar i serveringsbransjen.



RETTIDIG INNBETALING AV TOLL OG AVGIFTER

I 2005 kravde Tollvesenet inn 154,2 milliardar kroner i toll og avgifter, og det utgjer rundt ein femtedel av dei samla inntektene til staten. Tollvesenet krev inn 29 avgifter.

Tollvesenet legg vekt på å få inn pengane staten har til gode, til rett tid. Etaten skal ta vare på fellesskapsinteressene ved å sikre staten avgiftsinntekter gjennom effektive og brukarvennlege system. Tollvesenet legg òg vekt på å krevje inn uteståande beløp som avgiftsbetalarane skyldar staten.

Innkrevjing og restansar*)

(tal i millionar kroner)	2005	2004
Fastsett beløp	156 319	142 732
Nye restansar	224,6	222
Akkumulerte restansar	536,1	562

*) Restansane utgjer beløp som ikkje er innbetalte i rett tid.

154,2 milliardar kroner


I 2005 auka inntektene i alle dei fire avgiftshovudgruppene. Tollinntektene er om lag som i 2004 og kjem på 1,6 milliardar kroner. Med unntak av 2005 er tollinntektene reduserte dei siste åra. Det har samanheng med at det blir opna for meir frihandel, og at det blir toll på stadig færre varer.

Inntektene av meirverdiavgifta auka i 2005 med 9,4 milliardar kroner samanlikna med 2004. Det har mellom anna samanheng med at meirverdiavgiftsattane blei endra 1. januar 2005, og med at importen generelt auka dette året. Inntektene av meirverdiavgifta blei på til saman 81,3 milliardar kroner i 2005.

Inntektene av motorvognavgiftene har totalt auka med 2,3 milliardar kroner til 41,1 milliardar kroner i 2005. Størst auke var det i eingongsavgifta med 1,4 milliardar kroner, mineraloljeavgifta med 503 millionar kroner og årsavgifta med 320 millionar kroner. Bensinavgifta hadde ein reduksjon i inntektene med 95 millionar kroner.

Inntektene av særavgiftene har samla sett auka med 1,9 milliardar kroner i 2005 og gav 30,1 milliardar kroner til statskassa. Auken kan i hovudsak knytast til forbruksavgifta på elektrisk kraft, med 1,5 milliardar kroner. Produktavgifta på brennevin og vin auka med 366 millionar kroner, mens produktavgifta på øl blei redusert med 83 millionar kroner i 2005.

I 2005 auka inntektene i alle dei fire avgiftshovudgruppene. Inntektene fordeler seg slik:



Restansane er reduserte

Restansane til Tollvesenet er reduserte i 2005. Dette er pengar som dei toll- og avgiftspliktige framleis skyldar Tollvesenet. Etaten fekk i 2005 inn 99,86 prosent av dei fastsette krava. Restansane er reduserte på alle område. Det er 14 prosent færre nye restansar på kontrollkrav.

Det er Statens innkrevjingssentral som krev inn ubetalt årsavgift. Tollvesenet bad hausten 2005 Statens innkrevjingssentral om å krevje inn vel 90 millionar uteståande kroner.



Reskontrosystem

I 2005 tok Tollvesenet i bruk eit nytt reskontrosystem for motorvognavgiftene, TRAV (Tollvesenets nye reskontrosystem for motorvognavgifter). Reskontrosystemet er systemet der ein held oversikt over krava og betalingane til dei avgiftspliktige. Bilavgiftene er i stadig endring, og systemet er spesialtilpassa etaten sine behov. TRAV handterer årsavgifta, vektårsavgifta, førehandsbetalte årsavgifter og omregistreringsavgifta. Her er det snakk om svært mange krav. Det er planlagt å skrive ut over tre millionar krav på årsavgift i 2006, og berre det vil seie vel sju milliardar kroner i inntekter til statskassa. Systemet la i 2005 til rette for ei ny storkundeløysing der kundar med mange motorvogner får ei elektronisk rekning på alle køyretøya sine.

Elektroniske betalingsløysingar

I 2005 er det utvikla ei løysing for å tilby eFaktura for årsavgifta. Løysinga er tilgjengeleg for årsavgiftspliktige frå og med 2006. Det er først ved forfall knytte til den første fakturautsendinga i 2006 at det er venta at dei fleste eFaktura-avtalane kjem til å bli inngått.

I samarbeid med Vegdirektoratet blei det i 2005 utarbeidd ei løysing for å betale avgifter frå Tollvesenet med kort på trafikkstasjonane. Vegdirektoratet ventar å ha denne løysinga i drift innan utgangen av første halvår 2006.

Elektronisk transittering

Elektroniske etterlysingar var på plass i Tollvesenets elektroniske transitteringssystem (TET) i desember 2005. I løpet av 2005 kom det krav om at alle transitteringar skulle startast opp elektronisk, og at alle autoriserte avsendarar og mottakarar skulle nytte det elektroniske transitteringssystemet.

Det blei òg innført eit garantisystem i TET i 2005. Det elektroniske systemet inneber raskare frigiving av garantien som er knytt til varesendinga, slik at han raskare kan takast i bruk for eit nytt vareparti. Det elektroniske transitteringssystemet lettar arbeidet vesentleg både for næringslivet og Tollvesenet.



HINDRE ULOVLEG INN- OG UTFØRSEL AV VARER

Ei av dei viktigaste samfunnsoppgåvene til Tollvesenet er å hindre ulovleg inn- og utførsel av varer.

Store ressursar blir sette inn i kampen mot narkotikasmuglinga. Tiltak for å redusere smuglinga av avgiftsbelagde varer er òg prioriterte. Dette gjeld først og fremst sprit, sigarettar/tobakksvarer, brennevin, vin og øl. Smuglinga gir høg fortjeneste til aktørane, og varene er enkle å selje vidare.

Tollvesenet fyller òg ei viktig rolle som samfunnsstøtte. Ved å vere til stades på grensen står etaten i første linje i forhold til den risikoen som straumen av varer, transportmiddel og personar representerer. Truslar mot samfunnet kan vere terror, narkotikasmugling, ulike former for organisert kriminalitet, miljøfarar, svekt matvaretryggleik, sjukdom og svekt dyrehelse.

Grensekontrollen	2005	2004
Kontrollerte objekt til saman	170 753	178 774
Treff	17 907	17 459
Treffprosent kontrollerte objekt	10,5	9,8
Beslag totalt	26 864	25 919
Av dette profittmotiverte beslag*)	295	229

*) Store beslag der smuglingsforsøket blir utført for å oppnå økonomisk gevinst ved vidare sal.

Fleire tollarar til kontrollarbeid

Tollvesenet jobbar kontinuerleg med å få frigjort administrative ressursar som kan brukast til kontrollverksemd. Det er etablert fleire og større mobile kontrollgrupper. Det vil seie at ein i større grad er til stades, og at kontrollarbeidet er blitt endå betre.

Risikoanalysar

Underretning og risikoanalyse danner grunnlaget for kven eller kva som blir kontrollert. Toll- og avgiftsdirektoratet har ei eiga analyseining. Tollregionane legg òg større vekt på å analysere det lokale risikobiletet. Desse analysane danner grunnlaget for

dei lokale prioriteringane i kontrollverksemda, og innsatsen kan setjast inn på dei områda der risikoen for smugling og avgiftsunndragingar er størst. Datasystema til Tollvesenet inneheld mykje informasjon om vareførselen og trafikkmonster, og utfordringa er å bruke denne informasjonen mest mogleg målretta. Det er òg etablert eit tett samarbeid med tollstyresmaktene i andre land, både når det gjeld å utvikle risikoprofilar og å kjempe mot smuglarane.

171 000 kontrollerte

I 2005 kontrollerte Tollvesenet 171 000 personar, transportmiddel og varesendingar. Det auka nærværet har ført til fleire kontrollar dei siste åra. Treffprosenten er tilfredsstillande i 2005, og han er framleis størst i kontrollen av reisande. Det er eit mål å auke treffprosenten i godskontrollen, og det blir heile tida jobba med å betre denne kontrollverksemda.

Mobile skannarar

Tollvesenet disponerer to mobile skannarar som er i stand til å gjennomlyse 15–20 trailerar og konteinrar i løpet av ein time. Skannaroperatørane plukkar ut interessante kontrollpunkt i lasten ved hjelp av eit skjermbilete som ein får under gjennomlysinga. Tollarane kan derfor konsentrere seg om delar av lasten. Det som tidlegare var ein svært tidkrevjande kontroll der heile lasten måtte lossast, er no blitt ein meir målretta og rasjonell prosess både for næringslivet og Tollvesenet. Etaten jobbar for å utnytte skannarane endå betre. Skannarane blir brukte i kontrollaksjonar over heile landet.

Profittmotivert smugling

Målet til Tollvesenet er å avsløre stadig fleire tilfelle av profittmotivert smugling. Det blir rekna som profittmotivert smugling når varepartia som blir beslaglagde, er meinte for vidare sal. Talet på profittmotiverte beslag auka noko i 2005. Det gjeld avgiftsbelagde varer i Noreg, som sigarettar, brennevin, vin og



øl, eller varer som det er ulovleg å importere eller selje utan særskilt løyve.

Tollvesenet jobbar med å tileigne seg meir kunnskap om den illegale marknaden, spesielt i forhold til narkotika og sigarettar. Etaten prioriterer òg gods- og varekontroll i arbeidet med å avdekkje større organisert smugling.

Det er òg etablert eit tettare samarbeid med svenske tollstyresmakter. Det har ført til fleire større beslag av narkotika-sendingar der det ligg føre indikasjonar på at partia skulle til Noreg. Også i Tyskland blei det i 2005 beslaglagt betydelege mengder narkotika der det er indikasjonar på at partiet var bestemt for den norske marknaden.

Smuglarsprit er ute

I 2005 beslagla Tollvesenet 371 liter sprit. Til samanlikning var besлага av sprit 255 000 liter i 2001. Spritbesлага er betydeleg reduserte etter at metanolsakene dukka opp i 2002.

Meir øl og vin

Tollvesenet har aldri beslaglagt så mykje øl i moderne tid som i 2005. 235 500 liter øl tok tollarane hand om, ein auke på 70 000 liter frå 2004. Det største enkeltbeslaget var på 5000 liter. Den beslaglagde ølmengda er nær femdobla sidan 2001.

I 2005 avdekte tollarane smugling av 69 300 liter vin, mens det i 2004 blei beslaglagt 50 000 liter vin. Til samanlikning beslagla Tollvesenet 14 000 liter vin i 2001.

Tollvesenet beslagla 6,3 millionar sigarettar i 2005. Denne mengda representerer eit "normalår". Tollvesena i andre land rapporterer om betydeleg smugling av sigarettar. Tollvesenet har sett i gang eit analysearbeid for å finne ut av kvifor besлага av sigarettar ikkje aukar i Noreg.

Auka narkotikasmugling

Tollvesenet beslagla samla sett meir narkotika i 2005 enn i 2004. Grunnen til det er det største kokainbeslaget nokon gong: 153 kilo på eit fartøy i Mosjøen i november 2005. Skipet kom til Noreg direkte frå Sør-Amerika. Dette er ei høgaktuell smuglingsrute, og skipet blei grundig kontrollert av tollarane. Beslaget var eit resultat av godt underrettingsarbeid i Tollvesenet.



Besлага av cannabis (hasj og marihuana) blei kraftig reduserte i 2005 samanlikna med 2004, men ligg likevel ein del over cannabisbesлага frå tidlegare år. I tillegg til dei norske besлага på 437 kilo cannabis, er det beslaglagt 150 kilo hasj i Tyskland i ein personbil som skulle til Noreg. Også i Sverige blei det gjort fleire cannabisbeslag der det ligg føre indikasjonar på at partia var meinte for den norske marknaden.

Mengda beslaglagd heroin er noko redusert frå 2004. Totalt blei det i 2005 beslaglagt 24 kilo heroin. Tyske tollarar beslagla i tillegg 4,5 kilo heroin på ein flypassasjer som var på veg til Noreg.



I 2005 blei det òg beslaglagt mindre amfetamin enn i 2004 – 55,8 kilo. I tillegg kjem to store beslag i Sverige på til saman 64 kilo, som skulle vidare til Noreg.



Det største
kokainbeslaget
i noregshistoria



Vestfoldtollarane under eitt tak





YTE GOD SERVICE TIL BRUKARANE

Tollvesenet har som mål å bli oppfatta som serviceinnstilt. Det skal vere enkelt for publikum og næringslivet å komme i kontakt med etaten og å følge regelverket.

Statleg informasjonspolitikk

Statens informasjonspolitikk gir retningslinjer for korleis Tollvesenet skal møte omverda. Tollvesenet arbeider systematisk med å oppfylle intensjonane i statens informasjonspolitikk og bruker tilbakemeldingar frå publikum, næringsliv og presse aktivt i informasjonsplanlegginga.

Regionale informasjonssenter – 0 30 12

Innan utgangen av 2005 hadde alle tollregionane etablert regionale informasjonssenter, og frå 1. november blei det etablert eitt felles telefonnummer til dei regionale informasjonssentra – 0 30 12.

Den samla informasjonsverksemda til etaten har som målsetjing å bidra til "eitt tollvesen". Det inneber at publikum skal få rett, einsarta og oppdatert informasjon same kvar i Tollvesenet dei tek kontakt. Etableringa av regionale informasjonssenter er eit viktig ledd i å nå denne målsetjinga.

For å sikre at tilbakemeldingane frå brukarane blir systematiserte og analyserte, er det òg utarbeidd retningslinjer for korleis ein skal føre statistikk over generelle informasjonsførespurnader til Tollvesenet (kor mange, kva slag).

Kurs for næringslivet

Førespurnadene til informasjonssentra dannar òg grunnlag for etaten sine kurstilbod for næringslivet. Tollregion Oslo og Akershus heldt til dømes 22 kurs for næringslivet i 2005, og etterspurnaden er stor. Tendensen er at næringslivet i større grad ønskjer spesielt tilpassa kurs med eigne problemstillingar framfor å bestille ferdige kurs.

Toll- og avgiftsdirektoratet har i tillegg arrangert seminar om opphavsreglar for næringslivet.

www.toll.no

Tollvesenet skal sørgje for brukarvennlege og moderne informasjons- og kommunikasjonsløyisingar, slik at informasjon om reglar og prosedyrar er lett tilgjengeleg og tilpassa behovet til ulike brukargrupper. 1. november lanserte Tollvesenet nye Internett- og intranettsider. Den nye nettløysinga gjer det lettare både for eksterne og interne brukarar å finne fram til aktuelle tema og nyheiter. Nettsidene har fått nytt design, og ny innholdsstruktur, menyløysing og søkjefunksjon. Undervegs i arbeidet er det køyrt fleire uavhengige testar for å sikre at sidene er brukarvennlege. Tollvesenet har eit mål om at nettsidene skal vere den kanalen brukarane føretrekkjer når dei søker informasjon og tenester på vårt område.

Brukarundersøkingar

Tollvesenet legg vekt på å samarbeide med, og leggje til rette verksemda for, brukarane. Som eit ledd i dette blei det gjennomført ei brukarundersøking blant dei særavgiftspliktige. Målet med undersøkinga var å undersøkje informasjonsbehovet deira, og om dei var nøgde med bistanden frå Tollvesenet i samband med deklarerer og innbetaling av særavgiftene.

Undersøkinga viser at dei særavgiftspliktige er godt nøgde med informasjonen dei får frå Tollvesenet. Særleg nøgde er dei som har personleg kontakt med Tollvesenet gjennom ein fast kontaktperson. Undersøkinga avdekte òg område der Tollvesenet kan setje inn tiltak for å betre kontakten med dei særavgiftspliktige. Resultata av undersøkinga blir følgde opp i 2006.

Det blei òg gjennomført ei undersøking om tiltru og kjennskap til arbeidet Tollvesenet gjer. Undersøkinga var ei oppfølging av ei tidlegare tiltrumåling som blei gjennomført i 2002. Resultata



viste at dei aller fleste har stor tiltru til Tollvesenet og til arbeidet Tollvesenet gjer med å hindre at narkotika kjem inn til Noreg. Tiltrua har ikkje endra seg frå 2002 og er på lik linje med tiltrua til andre offentlege institusjonar. Undersøkinga viser òg at tre av fire av dei spurde meiner det er lite sannsynleg at dei vil bli stoppa i tollkontroll ved grensepassering. Dette er eitt av fleire punkt Tollvesenet kjem til å følgje opp i 2006.

Media

Verksemda til Tollvesenet får brei omtale i media. Resultata frå Tollvesenets grensekontroll og økonomiske kontrollar, og innkrevjinga av årsavgifta, fekk spesielt mykje merksemd i 2005. Den generelle interessa for årsavgifta gjer at medieinteressa er stor.

Årsavgifta på eFaktura

Arbeidet med eFaktura for årsavgifta tok til i tredje kvartal 2005, mellom anna for å kunne tilby kundane etterspurde og moderne betalingsløysingar og fordi elektronisk utsending er rimeleg. Løysinga blei lagd til rette slik at kundane kan nytte eFaktura når dei betaler årsavgifta for 2006. Målgruppa for løysinga er privatpersonar og mindre bedrifter.

Saksbehandlingstid

Det er eit mål for Tollvesenet at saksbehandlingstida skal vere kort, samtidig som kvaliteten skal haldast oppe. I 2005 blei nær 50 prosent av søknadene i tollregionane behandla den første veka. Søknad om omberekning av toll og avgifter utgjør den største gruppa av dei registrerte sakene.

I Toll- og avgiftsdirektoratet er den gjennomsnittlege behandlingstida for klagesaker om lag tre månader.

Brosjyrar og temahefte

Toll- og avgiftsdirektoratet arbeider heile tida med å oppdatere informasjon både elektronisk og i papirversjon. I 2005 er eksisterande temahefte kvalitetssikra og publiserte på dei nye

Internett-sidene til etaten. I 2005 blei det gitt ut oppdaterte utgåver av reisandebrosjyrane på norsk, engelsk og tysk. Reisandeføresegnene er no òg utgitt på finsk. I tillegg blei det utgitt tre nye brosjyrar i 2005.

- Tilbakebetaling av meirverdiavgift ved turistsal
- Arvegods
- Når du flyttar til Noreg



ADMINISTRATIVE FORHOLD

Organisasjonen

Tollvesenet er ein etat under Finansdepartementet. Etaten er organisert med eit sentralt direktorat og ei lokalforvaltning med seks tollregionar med underliggjande einingar. Det er toll- og avgiftsdirektør Marit Wiig som leier Tollvesenet.

Marit Wiig blei i statsråd i oktober 2005 tilsett som toll- og avgiftsdirektør for seks nye år. Ho har vore leiar for Tollvesenet sidan 1. januar 2000.

Toll- og avgiftsdirektoratet er delt inn i fem fagavdelingar: administrasjonsavdelinga, innkrevjings- og rekneskapsavdelinga, IT-avdelinga, juridisk avdeling og prosedyre- og kontrollavdelinga.

Ved utgangen av 2005 var det 1812 tilsette i etaten. Av dei er 66 i permisjon utan lønn. Summert i ressursar utgjorde det til saman 1679 årsverk.

Organisatoriske endringar

Frå 1. januar 2004 tok den nye regioninndelinga av Tollvesenet til å gjelde. Ho fekk ingen følgjer for tollregionen Oslo og Akershus.

I 2005 har både Toll- og avgiftsdirektoratet og tollregionen Oslo og Akershus fått gjennomgått arbeidsoppgåvene sine. Det blei spesielt gått gjennom oppgåver som kan flyttast, effektiviseringsområde og arbeidsmetodar. Resultata av gjennomgangane blir klare i løpet av 2006.

Rammevilkår

I 2005 hadde Tollvesenet eit budsjett på 1,15 milliardar kroner. Inkludert i budsjettet var ei ekstraløyving til grensekontroll på 20 millionar kroner som blei vedteken i statsbudsjettet. Budsjettet auka med 4,6 prosent frå 2004, då det var på 1,1 milliardar kroner.

Ressursbruk

Bemanninga i etaten auka med 12,6 årsverk i 2005. Samla sett hadde tollregionane ein auke på 16,4 årsverk, men hovuddelen av auken var i tollregionen Aust-Noreg. Toll- og avgiftsdirektoratet hadde ein nedgang på 3,8 årsverk.

Personaloversikt 2005	Tilsette	Perm u/ lønn
Tollregion Aust-Noreg	301	5
Tollregion Oslo og Akershus	575	14
Tollregion Sør-Noreg	220	7
Tollregion Vest-Noreg	199	7
Tollregion Midt-Noreg	147	7
Tollregion Nord-Noreg	87	6
Sum tollregionane	1 529	46
Toll- og avgiftsdirektoratet	283	20
Sum Tollvesenet	1 812	66

Kjønnsfordeling

Tollvesenet prioriterte å følgje opp likestilling spesielt i samband med rekruttering og leiarutveljing.

I Tollvesenet er det 29,8 prosent kvinnelege og 70,2 prosent mannelege leiarar. I Toll- og avgiftsdirektoratet sit det kvinner i 44 prosent av leiarstillingane, mens prosentdelen er 26,4 i tollregionane.

Sjukefråvær

Sjukefråværet gjekk ned i løpet av 2005. Det gjennomsnittlege sjukefråværet i Tollvesenet var på 6,7 prosent. Utviklinga viser ein nedgang på 0,4 prosentpoeng gjennom året. Fråværet i tollregionane var samla sett på 6,9 prosent, mens fråværet i Toll- og avgiftsdirektoratet var på 5,3 prosent.



Medarbeidarundersøking

Tollvesenet har i strategiplanen sin for 2005–2008 sagt at Tollvesenet skal vere ein attraktiv arbeidsplass. For å kunne oppnå det blei det innført medarbeidarundersøkingar som ein del av verksemdsstyringa. Den første undersøkinga blei gjennomført i heile etaten i 2005 i regi av Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI). Resultata blei gjennomgått i alle einingane i etaten, og kvar eining skal utarbeide handlingsplanar for oppfølging. Det blir oppfølgingsundersøkingar i 2007 og 2009.



REKNESKAP

Løyving og driftsrekneskap (tal i millionar kroner)	Løyving i 2004	Løyving i 2005	Rekneskap 2005	Mindre forbruk i kroner av disponibel løyving	Forbruk i prosent av disponibel løyving
Post 01 Driftsutgifter	1 016,48	1 060,58	1 013,14	-47,44	95,5 %
Post 21 Spesielle driftsutgifter	2,20	2,41	2,50	0,09	103,7 %
Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald	81,74	88,59	55,23	-33,36	62,3 %
Sum budsjett	1 100,42	1 151,58	1 070,87	-80,71	93,0 %

Kommentarar:

Post 01 Driftsutgifter

Posten inkluderer utgifter til lønn, varer og tenester. Løyvinga inkluderer overføringar frå 2004 i tillegg til mottekne refusjonar og sjuke- og fødselspengar. Oppgåvene til etaten er løyste innanfor tildelte rammevilkår, og differansen mellom løyving og rekneskap kjem i hovudsak av plikter ein har teke på seg med forfall i 2006 knytte til iverksette tiltak og investeringar i 2005. Beløpet blir derfor overført til 2006.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten er ei overslagsløyving, og det er ingen spesielle forhold å kommentere.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald

Posten er knytt til IT-verksemnda og prosjekta til etaten. Differansen mellom løyving og rekneskap er i hovudsak knytt til kontraktar som er inngått i 2005, med forfall i 2006. Beløpet blir derfor overført til 2006.

Tilknytning

Tollvesenet er underlagt Finansdepartementet og har organisatorisk status som eit forvaltingsorgan. Både juridisk og økonomisk er etaten ein del av staten, og Tollvesenet får løyvingar i form av tildeling gjennom statsbudsjettet.

Rekneskapsprinsipp

Som statleg forvaltingsorgan følgjer Tollvesenet løyvingsreglementet til staten og krava til rekneskapsførsel. Rekneskapa blir dermed ført etter bruttoprinsippet (inntekter og utgifter blir førte separat) og kontantprinsippet (inntekter blir førte når dei blir betalte, utgifter når dei blir betalte ut).

Kontantprinsippet inneber at også større investeringsutgifter blir førte det året dei blir betalte, og det blir inga avskrivning i rekneskapa for seinare år. Eignedelar i form av pengar i kassa og bankinnskot blir framstilte i kapitalrekneskapa til staten. Tollvesenet er underlagt kontroll av Riksrevisjonen.



STATISTIKK

Dei ti største avgiftene i 2005 (tal i millionar kroner)	2005
Meirverdiavgift	81 344
Eingongsavgift på motorvogner o.a.	17 815
Avgift på alkohol: brennevin, vin og øl	9 298
Avgift på bensin	8 634
Årsavgift	7 278
Avgift på tobakksvarer	6 800
Forbruksavgift på elektrisk kraft	5 607
Avgift på mineralolje til framdrift av motorvogn	5 178
CO2-avgift på mineralolje	3 886
Omregistreringsavgift	1 882

Inntekter i form av gebyr (tal i 1000 kroner)	2005
Ekspedisjonsgebyr	7 931
Andre inntekter	2 581
Pante- og tinglysingsgebyr	1 744
Gebyr ved kontroll av teknisk sprit	91
Gebyr på kredittdeklarasjonar	248 254
Gebyr ved avskilting av køyretøy	98
Gebyr	260 699

Restansar (tal i millionar kroner)	Fastsette og forfalne i 2005	Årets restanse i 2005	Prosent av fastsett beløp i 2005	Prosent av fastsett beløp i 2004	Akkumulerte restansar i 2005
Sum1)	156 319	224, 6	0,14 %	0,16 %	536,0

1) Inneheld ikkje beløpa som er avdekte i kontroll av bedrifter



Narkotika		Mengdeining	2005	2004
Cannabis	Kilogram		437,7	1 199,7
Heroin	Kilogram		24,1	26,8
Amfetamin	Kilogram		55,8	87,8
Kokain	Kilogram		168,8	23,2
Doping		Mengdeining	2005	2004
Dopingmiddel	Einingar		182 143	248 698
Alkoholholdige drikkevarer		Mengdeining	2005	2004
Brennevin	Liter		19 486	15 501
Sprit (brennevin over 60 %)	Liter		371	6 241
Vin	Liter		69 385	50 275
Øl	Liter		235 575	165 924
Tobakksvarer		Mengdeining	2005	2004
Sigarettar	Stk.		6 349 464	9 243 465
Røykjetobakk	Kilogram		2 429	2 515
Andre varer		Mengdeining	2005	2004
Kjøtvarer	Kilogram		33 858	43 357
Valuta	NOK		11 694 236	10 589 227
Verdi av ordinære varer	NOK		16 105 218	10 827 447
CITES-varer	Stk.		1 877	746
Våpen		Mengdeining	2005	2004
Skytevåpen	Stk.		14	21
Andre våpen	Stk.		349	1 387



Inntekter frå toll og avgifter <i>(tal i millionar kroner)</i>	2005	2004
Toll	1 608,2	1 591,6
Meirverdiavgift	81 344,3	71 968,6
Motorvognavgifter	2005	2004
Eingongsavgift på motorvogner o.a.	17 815,1	16 387,1
Avgift på bensin	8 634,2	8 728,7
Årsavgift	7 277,6	6 957,6
Avgift på mineralolje til framdrift av motorvogn	5 177,9	4 674,9
Omregistreringsavgift	1 882,2	1 819,6
Vektårsavgift	346,5	292,8
Motorvognavgifter totalt	41 133,5	38 860,7
Særagifter	2005	2004
Avgift på alkohol: brennevin, vin og øl	9 297,6	9 014,3
Avgift på tobakksvarer	6 800,1	6 798,9
Forbruksavgift på elektrisk kraft	5 607,1	4 126,1
CO2-avgift på mineralolje	3 886,1	3 809,2
Avgift på sjokolade og sukkervarer o.a.	997,2	967,3
Avgift på alkoholfrie drikkevarer o.a.	955,6	962,0
Grunnavgift på fyringsolje o.a.	585,4	655,4
Avgift på sluttbehandling av avfall	487,9	553,7
Grunnavgift på eingongseballasje	484,3	461,8
Avgift på båtmotorar	291,5	215,3
Avgift på sukker o.a.	197,5	208,0
Miljøavgift på HFK og PFK	167,1	122,6
Avgift på smøreolje o.a.	84,7	84,4
Svovelavgift på mineralolje	76,5	84,0
Miljøavgift på metall	70,5	63,0
Miljøavgift på plast	63,6	57,4
Miljøavgift på glas	41,2	39,2
Miljøavgift på kartong/papp	13,7	17,6
Avgift på TRI (trikloreten)	3,0	4,4
Avgift på PER (tetrakloreten)	2,0	1,5
Etterslep utgåtte avgifter	2,0	
Særagifter	30 114,6	28 246,1
Totale inntekter frå toll og avgifter	154 200,5	140 667,0



Tollregion Aust-Noreg

ostnorge@toll.no
+47 69 36 22 00

Tollregion Oslo og Akershus

oslo@toll.no
+47 22 86 03 00

Tollregion Sør-Noreg

sornorge@toll.no
+47 38 12 00 12

Tollregion Vest-Noreg

vestnorge@toll.no
+47 55 57 37 00

Tollregion Midt-Noreg

midt norge@toll.no
+47 73 88 43 00

Tollregion Nord-Noreg

nordnorge@toll.no
+47 77 62 55 00

Utgitt av

Toll- og avgiftsdirektoratet

Schweigaardsgate 15
Postboks 8122 Dep.
NO- 0032 Oslo
tad@toll.no
+47 22 86 03 00

Design og produksjon: www.kursiv.no

www.toll.no

Tollvesenets informasjonscenter:

0 30 12

